

Bruk av utandørs idrettsanlegg og leikeplassar

Basert på tilrådingar frå Helsedirektoratet og køyrereglar frå Norges Idrettsforbund, har Øygarden kommune utarbeidd reglar for bruk av utandørs idrettsanlegg og leikeplassar ved skular og barnehagar. Dersom det vert registrert brot på reglane, kan anlegga verta stengde på kort varsel.

Aktivitet på idrettsanlegg og andre utandørs aktivitetsplassar

- Deltakarane skal halda **avstand til kvarande på minst ein meter**.
- Ei gruppe skal maksimalt vera samansett av 20 personar.
- Dersom arealet er stort nok, kan inntil 50 personar driva med aktivitet. Aktiviteten skal likevel organiserast med skilde grupper på inntil 20 personar.
- Det skal ikkje nyttast fellesgarderobe/fellesdusjar.
- Det er ikkje lov å spytta.
- Aktiviteten skal utøvast slik at ein unngår skader.
- Bruk alternativ transport til kollektivtransport til og frå aktiviteten.
- Ha god hand- og hostehygiene.
- Idrettsklubbane har eigne reglar (innanfor rammene frå styresmaktene) for ulike idrettsgreiner.

Hald avstand!

Anten det gjeld utandørs idrettsanlegg, leikeområde eller friluftsområde, må det haldast god avstand og unngå større grupper.

Du finn meir informasjon på nettsida til kommunen: